

G til kamp

Avisa til Norges Kommunistiske Studentforbund i Trondheim

Sørensen i SV presenterer Bresjnev-doktrinen.

KVEN HAR INVASJONS- RETT, SØRENSEN?

I resolusjonsdebatten om Kampuchea i Samfundet 27/1 sa Geir Harald Strand (Sos.Front) at han ville vurdere invasjonar "fra gang til gang". Når det gjeld grunnlaget for vurderingane har andre teke bladet meir frå munnen, og det slår oss at dei på punkt etter punkt argumenterer slik imperialistane plar gjere.

SØRENSEN OG BRESJNEV-DOKTRINA


"KVA MEINER JARLE LANDRO AT EIN SKULLE GJERE DERSOM DET SKJER EIN KONTRAREVOLUSJON I EIT ANNA LAND, KVA SKULLE DET SOSIALISTISKE LANDET DA GJERE? SKAL DET SITJE PENT Å SJÅ PÅ, SKAL DET SITJE PENT Å SJÅ PÅ AT DET GAMLE BORGARSKAPET KJEM ATTENDE OG KNUSER ARBEIDARKLASSEN?" (Knut H. Sørensen, SV, i Samfundet 27/1)

Sørensen meiner tydelegvis at sosialistiske land har rett til å intervenere mot ein kontrarevolusjon i eit anna sosialistisk land. Er Sørensen klår over at han med dette gjer seg til målsmann for nøyaktig det same "prinsippet" som Sovjet nytta for å forsvare okkupasjonen av Tsjekkoslovakia - den s.k. Bresjnev-doktrine?

På allmøtet på Dragvoll tysdag 6/2 nekta SV-arane plent å svare på kva for land som fyller krava til å ha okkupasjonsrett i andre land og kva for land som har den eksklusive retten til å bli offer for slike okkupasjonar. Dette var tydelegvis noko som skulle vurderast "konkret". Det prinsipielle grunnlaget for SV sine vurderingar er

enno ikkje gjort kjent. Sjeldan har vi fått ein klårare demonstrasjon av prinsipplaus opportuniste.

STØTTFRIGJØRINGS-
KAMPEN I VIETNAM!



Å forsvare Bresjnev-doktrina vil vere ei gedigen gavepakke til det "sosialistiske" landet som no har utvikla seg til kremmar i krig og okkupasjon - Sovjet. At dei på same måte som amerikanarane har fått lakei-regime, som Etiopia og Vietnam, til å gjere grovarbeidet for seg, gjer ikkje saka betre.

Bresjnev-doktrina er elles ei direkte vidareføring av USA-imperialismen si tese om at dei har rett til å invadere for å redde "demokratiet", ein politikk som ikkje minst latin-amerikanarane har fått føle på kroppen. Det er såleis ikkje tilfeldig at TKSF og SV/Sos.Front finn kvarandre når det gjeld å blande saman okkupasjonen med dei indre

tilhøva i det okkuperte landet.
(Les: Løgner om dei indre tilhøva)
Imperialistlogikken sit djupt hos
USA og Sovjet sine lokale målsmenn.

Vi kommunistar stør dei sosialistiske kreftene i alle lænd, men revolusjonen må vere folket sitt eige verk. I samsvar med den nasjonale sjølvråderetten har heller ikkje sosialistiske lænd nokon rett til å okkupere eit anna lænd og setje inn eit nytt regime. Sosialismen er ingen eksportartikkel.



Derimot har sosialistiske lænd plikt til å stø dei revolusjonære og sosialistiske kreftene i andre lænd på anna vis - t.d. politisk og økonomisk. Kina stør t.d. dei revolusjonære kreftene i Thailand. Det "sosialistiske" Vietnam har derimot trekt støtta attende, og vi er spente på korleis SV/Sos.Front vil vurdere det.

"Feller ingen tårer over Pol Pot",

seier leiaren i Dusken 2/79. Ja, slik kan ein uttrykke seg når ein blir tvinga til å gå mot invasjonen samstundes som ein nektar å fordøme resultatet av invasjonen - quisling-regjeringa. Vi har elles merka oss at SosFront har teke opp konkurransen med TKSF og CIA når det gjeld å fortelje løgnhistorier frå Kampuchea. OK. Det tek vi seinare. Her vil vi berre trekke ein parallell:

Den norske regjeringa i 1940 var ei borgarleg regjering, og vi ville ikkje felt nokon "tårer" om arbeidar-klassen hadde kasta Nygårdsvold & Co. gjennom ein revolusjon. Det ville vore eit rettvist opprør. Men: Meiner verkeleg Sos.Front at det ikkje var grunn til å felle "tårer" då nazistane felte Nygårdsvold? Førte ikkje tyskarane ein urettvis og

reaksjonar krig? "Tåre"-pratet til Dusken syner at dei ikkje skil mellom rettvis og urettvis krig, mellom åtaksmann og offer. Å ikkje felle "tårer" over Pol Pot når Kampuchea blir okkupert er i praksis å seie at protesten mot invasjonen berre var ein taktisk vri.

Aldri over grensene?

Er det alltid feil at styrkar frå eit lænd er i eit anna lænd? Bryt vi med prinsippet om nasjonal sjølvråderett dersom vi stør den allierte invasjonen i Normandie i 2.verdskrigen? Slett ikkje.

Dersom eit lænd blir utsett for aggresjon frå eit anna lænd, har det rett til å be andre lænd om hjelp. Når den tyske nazismen fyrst hadde starta ein aggresjonskrig og okkupert mange europeiske lænd, hadde desse lænd full rett til å gå saman og knuse okkupanten. Det var det einaste rette dersom ein ville forsvare sjølvråderetten. Då Stalins Sovjet tok Finnmark frå tyskarane i 1944, skjedde det i forståing med den norske regjeringa og tente norsk sjølvråderett.

I ein desperat freistnad på å bortforklære sin eige imperialist-logikk i dag leiter SV-revisjonistane febrilsk etter grums og sjølv-motseiingar i kommunistane si fortid.

Sjølv om mange saker er temmeleg enkle (Tibet har t.d. vore ein del av Kina og dei kinesiske frivillige i Korea var der for å kjempe mot den amerikanske okkupanten), kan vi nok gle våre lokale revisjonistar med at dei sikkert vil finne visse korn.



Here's to us!

Sjølvs om det sosialistiske Sovjet under Stalin la ned ein enorm og avgjerande innsats i kampen mot nazismen, hadde nok Stalin sume feil i synet på nasjonal sjølvråderett. Eit døme er anerkjenninga av staten Israel - eit standpunkt som m-l-rørsla frå fyrste stund av har gått mot (i motsetning til leiara i Sosialistisk Folkeparti som lenge støtta Israel sin eksistens - og dermed sto saman med Stalin mot oss!!) Det er difor all grunn til

ei kritisk gjennomgåing av etterkrigstida - invasjonen i Ungarn inkludert. Vi vil ta den tida vi treng.

SV og Sos.Front, som tolkar den nasjonale sjølvråderetten mykje på same måten som USA og Sovjet, bør fyrst svare på om dei er samd med det som står om spørsmålet i SV's prinsipp-program eller om vi kan vente ein programrevisjon slik at det blir samsvor mellom liv og lære.

VIETNAM UT AV KAMPUCHEA!


Sos.Front beveger seg på tynn is i Kampuchea-spørsmålet. I Under Dusk-en 1/79 snakker de om "indre opprør" med støtte fra Vietnam. I nr. 2/79 snakker de på s.4 om en vietnamesisk intervensjon (som de tar avstand fra) og på s.23 om en vietnamesisk invasjon som de fordømmer. Det er tydelig at Sos.Front har "vurdert sitt standpunkt", som det står i lederen. Hvor står de nå?

Sos.Front "fordømmer" Vietnams invasjon, men kunne ikke stemme for RF sin resolusjon i Samfundet 27/1. Hvorfor ikke, Sos.Front? At dere lager et eget forslag til tekst er en sak for seg, men når det til slutt bare er ett alternativ, nemlig RF's resolusjon, da stemmer dere mot å fordømme den vietnamesiske invasjonen. Resolusjonen tok ikke stilling til indre forhold i Kampuchea, og den var "forsiktig" i vurderingen av Sovjet. Den slo fast at forsvar av den nasjonale sjølvråderetten er et ukrenkelig krav, og den tok avstand fra den såkalte "Nasjonale enhetsfronten". Er Sos.Front uenig i dette? I så fall kaller jeg Sos.Fronts fordømmelse av invasjonen hykleri, og ingenting annet.

Sos.Fronts egen resolusjon konsentrerer seg i hovedsak om en ting: Å "påvise" at Kampuchea er den aggressive parten i den såkalte grensekrigen mellom Vietnam og Kampuchea. Kort tid etter at 100 000 vietnamesere har invadert Kampuchea og satt inn en quislingregjering, presterer Sos.Front å påstå at det er "liten tvil om at Kampuchea har vært den mest aggressive i grenseprovokasjonene." Som bevis for dette sier de videre: "Vietnam har hele tida villet forhandle - Kampuchea har avslått."

Ærlig talt Sos.Front. Når Vietnam går inn i Kampuchea og etterlater seg store troppestyrker flere mil inn på kampucheanisk område, hvem er det da som er aggressiv? Når så Kampuchea nekter å forhandle før troppene er trukket tilbake, hvem er det da som er urimelig? For folk som kaller seg anti-imperialister burde det være greit å svare: Det er Vietnam som er den aggressive parten, og det er de som stiller urimelige krav.

I 1967 anerkjente FNL og Nord-Vietnam grensene til Kampuchea, uten forbehold. I tida 1975-78 foregikk det en rekke provokasjoner fra vietnamesisk side mot Kampuchea, og ved



nyttår 77/78 gikk Vietnam til en regelrett invasjon. Da Kampuchea protesterte svarte Vietnam med å kreve forhandlinger. Kampuchea sa da: Ingen forhandlinger før troppestyrkene er trukket tilbake.

Vietnameserne nektet å flytte seg, og Kampuchea gikk til motangrep. Dette er det Sos.Front kaller ei aggresiv handling fra Kampuchea side. Hvor meningsløst et slikt standpunkt er, ser vi hvis vi flytter historia til mer hjemlige trakter.

La oss anta at svenskene plutselig begynner å gjøre krav på Meråker. De "flytter" grensa og begynner å etablere seg. Nordli krever at svenskene skal trekke seg tilbake umiddelbart. Svenskene foreslår så forhandlinger, men det nekter Norge å gå med på før svenskene har forlatt norsk område. Norge går så til motangrep og jager svenskene tilbake til Sverige.

Kan Sos.Front svare på følgende spørsmål: Hvem var aggresiv, Norge eller Sverige? Med en viss kjennskap til Sos.Fronts logiske sans, vil jeg tillate meg å svare på vegne av dem:

"Norge er sjølsagt den aggressive parten fordi:

- 1) De nekter å forhandle.
- 2) De gikk til angrep på svenskene"

For oss andre som fremdeles har det politiske gangsynet er parolen klar: VIETNAM UT AV KAMPUCHEA.

sv på defensiven

SV og Sos.Front er på defensiven. Medan Ny Tid fyrst proklamerte at "Opprøret felte Pol Pot", må alle no vedgå at det var ein vietnamesisk invasjon, Mange har elles lagt merke til at det brått vart så lite Kampuchea-stoff i Ny Tid..

Det høyrer og med til biletet at SV i Trondheim nekta å stille opp til eit konfrontasjonsmøte mot AKP sist veke. Dei er på tynn is.

Elles er det no fatta vedtak mot Vietnam's invasjon i Samfundet og på allmøta på arkitekt og Dragvoll. Møt fram når saka kjem opp på din skule!

UNIT

Om stutt tid kjem organisasjonsstrukturen for NLHT og NTH opp i regjering og storting. I samband med dette har studenttinget sett ned ei gruppe, og denne gruppa har no kome med eit framlegg til vedtak på allmøta. Dei viktige punkta er desse:

1) Gruppa står eitt universitet, ret nok med ei svakare toppleiing enn tidlegare framlegg. Dette bryt med tidlegare allmøtevedtak om å gå mot eitt integrert universitet og istaden krevje sjølvstendige høgskular.

2) Gruppa har suverent oversett allmøtevedtak om at studentane sjølv skal avgjere valordninga si. Dei går med på at dette skal stå i Statens reglement, og hovudregelen skal vere urneval. At gruppa kallar dette TKSF-kuppet for eit kompromiss, tyder på at dei nyttar ei ny form for logikk.

3) Gruppa går mot fellesavdelingar Rosenberg - NTH. Det skulle berre mangle.

Vi har bede Jarle Landro, som var medlem i Rådet/NLHT då saka var oppe for eitt år sidan om ein kommentar. Han er no talsmann for NKS i Trondheim.

J.L.: Etter mi meining kapitulerer gruppa når det gjeld kampen mot eit gigantuniversitet, og dette må avvise. Saka er ikkje avgjort, og dei tendensane til lausare struktur som vi ser i dei nye framlegga er resultat av studentpress. Ingen kan garantere at vi greier å få endra det tidlegare stortingsvedtaket om UNIT, men all vakling frå studentane no vil gje dei mest sentraliseringsgjerne politikarar blod på tann.

til kamp: Kva kjem til å skje no?

J.L.: TKSF ser ut til å ha fått kalde føter når det gjeld framlegg om valordninga, og vil truleg trekke dei. På allmøtet på Dragvoll 6/2 var det ingen som gjekk med på dette punktet. Elles er det viktig at ein står på tidlegare vedtak, protesterer på at staten vil tvinge på Trondheim eit mønster vi ikkje vil ha og avviser a korridorpolitikk.